

Oppdragsavtale

for Atlanten videregående skole for skoleåra 2025–26 og 2026–27



Formål

Oppdragsavtalen skal gi retning for arbeidet med kvalitetsutvikling ved Atlanten vgs. Avtalen skal synleggjere utviklingsområda for skolen og bidra til eit godt samarbeid mellom skoleeigar og skolen. Skoleeigar skal følgje opp leiinga ved skolen, slik at ein saman kan vurdere behova skolen har for oppfølging i utviklingsarbeidet.

Kvalitetsutvikling i skolen er ein kontinuerleg prosess der lærarane, skoleleiarane, andre tilsette og skoleeigar arbeider systematisk for å auke elevane sitt læringsutbytte. Elevane skal involverast i prosessen.

Overordna del av læreplanverket presiserer at alle tilsette i skolen må ta aktivt del i profesjonsfellesskapet for å vidareutvikle skolen.

Skolane skal bruke forskning, erfaringsbasert kunnskap, resultat frå brukarundersøkingar og appar i Qlik Cloud som kunnskapsgrunnlag i utviklingsarbeidet. Kunnskapsgrunnlaget gir ikkje eit fullstendig bilete av kvaliteten i skolen; det må fortolkast og vurderast i skolen sin kontekst.

Hovudområde for alle dei vidaregåande skolane

Delstrategi: Kvalitet i vidaregåande opplæring 2024–2027 har to hovudområde for kvalitet i vidaregåande opplæring:

- Ei opplæring der flest mogleg fullfører og blir førebudde på samfunns- og arbeidslivet.
- Ei framtidsretta opplæring med kompetente tilsette.

Desse områda følgjer både Fylkesstrategi for kompetanse og plikta til fylkeskommunen om å halde ved lag og heve kvaliteten i vidaregåande opplæring (jf. § 17–12 i opplæringslova).

I delstrategien er det ei rekkje handlingspunkt for dei vidaregåande skolane, som er kopla mot dei tre resultatmåla i Fylkesstrategi for kompetanse.

Utviklingsområde 2025–2027

Skoleeigar har i samråd med skolen peika på følgande område for å vidareutvikle kvaliteten:

Profesjonsfellesskapet

- Vidareutvikle profesjonsfellesskapet med vurderingspraksis og elevmedverknad som faste tema.

Læringsmiljø

- Arbeide med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.
- Vidareutvikle systemarbeidet knytt til laget rundt eleven, ha fokus på førebyggjande tiltak, positive forventningar og trygge relasjonar i arbeidet med læringsmiljøet.

Fullført og bestått

- Arbeide for at flest mogleg av elevane fullfører og består innafor normert tid.
- Skolen sitt mål er 94 % per skoleår.

Overgangar

- Arbeide for at elevane får ein god overgang frå grunnskole til vidaregåande skole, mellom trinna og til vidare utdanning.
- Vidareutvikle skolen sitt arbeid med rekruttering av nye elevar gjennom synleggjering av skolen sitt innhald og tilbod.
- Vidareutvikle skolen sitt tilbod innan idrettsfag, studiespesialisering med toppidrett, individuelle idrettar og og samarbeidspartar innan topp- og breddeidrett.

Samarbeid med arbeids- og næringsliv

- Samarbeide med lokalt næringsliv og arbeidsliv om yrkesretting av fag på studieførebuande utdanningsprogram.

Molde, 27. mai 2025

Erik Brekken
Kompetanse- og næringsdirektør

Trond Hjelle
Rektor